

Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 13/12/24

Deltakarar:	Gunnar Yttri (HVL), Margareth Hagen (UiB), Bo Byrkjeland (UIB), Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskulen Vestland), Helene Frihammer (NHO) Bjarte Hyssing-Olsen (NAV), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen), Bjørn Lyngedal (VLFK), Bård Sandal (VLFK), Tor Ivar Sagen Sandvik (VLFK), Kathrin Jakobsen (VLFK)		
Fråfall:	Atle Rasmussen (LO)		
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	23-/24-28/24
Møtetid:	Fredag 13. desember	Møtestad:	Vestlandshuset

Sak 24/24 Kompetansebehova innan fornybar energi ved Eviny

Fornybarnæringa har ei sentral rolle i den grønne omstillinga og er ei næring som står i store omstillingsprosessar, samstundes som behovet for fornybar energi aukar. Tilgang til rett kompetanse og endra krav til kompetanse er ein del av denne omstillinga.

Konserndirektør Stab Johannes Namstad Dobson og leder for HR og organisasjonsutvikling, Rebekka Eldøy frå Eviny deltok på møtet og presenterte korleis dei jobbar med kompetanse og kva behov dei har for kompetanseheving.

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek presentasjonen til orientering

Sak 25/24 Verdiskaping i Vestland - Utviklingstrekk og næringsmansetnad

Hovudmålet i regional plan for berekraftig verdiskaping i Vestland er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket, basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Innanfor grøn næringsutvikling blir dette konkretisert med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 og verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket.

For å følgje opp status og utviklingstrekk er oppdaterte rapportar og analyser som viser data frå ulike delar av fylket viktig.

Rapporten Verdiskaping i Vestland - Utviklingstrekk og næringsmansetnad (Vestlandsanalyse 2024/03) kombinerer nasjonale og regionale rapportar og analyser med eigne data og analyser. I rapporten viser vi til dashboard, presentasjonar, dokumentasjon og rapportar. Av praktiske omsyn er desse førebels samla på nettsida www.gronregionvestland.no/verdiskaping.

Samla sett viser analysen at Vestland er eit fylke med stor økonomisk betydning, både regionalt og nasjonalt, med ein robust og variert næringsstruktur som legg grunnlaget for vidare vekst og utvikling. Samstundes er det store variasjonar mellom næringar og mellom regionar. Gjennom dashboard og utdjupande analyser ser vi derfor nærmare på spørsmåla:

- *Kva næringar er viktige for verdiskapinga i Vestland?*
- *På kva næringsområde er Vestland viktige for verdiskapinga Norge?*
- *Korleis fordeler verdiskapinga seg i Vestland?*
- *Korleis utviklar verdiskapinga i Vestland seg over tid?*

Seniorrådgivar i Vestland fylkeskommune Lene Borgen Waage deltok på møtet for å orientere om arbeidet, konklusjonar og korleis ulike målgrupper kan bruke dette som grunnlag for avgjerder og arbeid.

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek presentasjonen til orientering

Sak 26/24 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Årsplan 2025

Arbeidet med handlingsprogrammet til den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling (2021-2025) har kome til årsplan for 2025. Årsplanen skal leggast fram for politisk handsaming i januar 2025. Oversikt over tiltaka og status for arbeidet med tiltaka innan satsinga «Kompetanseutvikling i arbeidslivet» vart lagt fram for og diskutert i Kompetanseforum Vestland 25. oktober. Det er behov for å gjere endringar i ein del av tiltaka, samt å ta inn nokre nye tiltak i dette arbeidet i 2025 og desse vart lagt frem for kompetanseforumet:

- Styrka informasjonsutveksling mellom næringslivet og kompetanseforuma i Vestland (nytt tiltak i 2025)
- Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring (endra frå 2024)
- Styrking av desentralisert og fleksibel utdanning gjennom utvikling av studiesentera (Nytt tiltak i 2025)
- Avklare hindringar og moglegheiter for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft (vidareførast frå 2024)
- Utarbeide strategi for rekruttering til helseutdanningane og å auke attraktiviteten til helseyrkene (Nytt tiltak i 2025)

Vedtak: Kompetanseforum Vestland sluttar seg til dei føreslåtte endringane

Sak 27/24 Tilbakemeldingar frå utdanningsinstitusjonen på de innmeldte kompetansebehova i 2024

Kompetanseforum Vestland har vedteke følgjande arbeidsform knytt kunnskapsgrunnlag og innspel til dimensjoner av utdanningstilboda:

Møte 1 (mars):

- Statistikkutvalet presenterer utfordringsbilete for regionen basert på tilgjengeleg statistikk og analysar

Møte 2 (juni)

- Sekretariatet legg fram innspel om kompetansebehov frå dei regionale kompetanseforuma og kontaktpunkta i bransjar/sektorar.
- Kompetanseforum blir samde om nokre hovudutfordringar ein skal ta sikte på å løyse basert på dei to punkta ovanfor

Møte 4 (desember):

- Utdanningsinstitusjonane presenterer korleis dei har jobba med dimensjonering for det neste skuleåret.

I møtet:

Utdanningsinstitusjonane orienterte om sitt arbeid med dimensjonering og vidareutvikling av studietilbod for det neste skuleåret, knytt til regionale behov.

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek orienteringane til vitande